

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.01.2023
SAKSHANDSAMAR: Veslemøy Hagalid Haug
SAKA GJELD: **Budsjett 2023 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

ARKIVSAK: 2023/88
STYRESAK: **007/23**

STYREMØTE: **15.02.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar budsjett 2023 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtar budsjett 2023 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2023 blir lagt fram innan den kostnadsramma som er føreslått under styresak 006/23 Konsernbudsjett 2023.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtar under styresak 006/23 Konsernbudsjett 2023, inntektsramme for helseføretaka. Det er i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på 173,2 mill. kroner inkl. lønns- og rekneskaps-senteret (LRS). Dette er ein reduksjon på 0,395 mill. kroner i forhold til budsjett-ramma som blei lagt inn i sak 120/22 i desembermøtet.

Kommentarar

Administrerande direktør tilrår budsjett-ramma i tabellen under for 2023:

Administrasjon	Beløp
Administrasjonsbudsjett 2022	162 448
Helårseffekt nye årsverk 2022	1 450
Deflatorjustering	6 228
Administrasjonsbudsjett 2023	170 126
Effekt av nye årsverk	3 100
Administrasjonsbudsjett 2023 inkl. nye årsverk	173 226

Tall i heile tusen

Lønns- og personalkostnader

Helse Vest administrasjonen foreslår å auke nivået på tal årsverk i 2023 med netto 2,5 nye årsverk, til 91,5 årsverk.

1 av dei nye årsverka er i Kommunikasjonsavdelinga, 1 er som informasjonssikkerheitsleiar i Avdeling for e-helse, 1 årsverk til å styrke beredskap og ein har og 0,5 årsverk som forskingsdirektør i Fagavdelinga. Samstundes går tidlegare administrerande direktør ut av si stilling som seniorrådgivar for styret i mars, slik at netto auke i årsverk blir 2,5 stilling.

I tillegg er det tilsett 2 årsverk knyt til det interregionale teamet for felles nettløysning for spesialisthelsetenesta i heile landet. Dette teamet er ikkje nytt, men det interregionale ADMøtet har beslutta å organisere teamet hos Helse Vest RHF på vegne av dei fire RHF-a. Dette inneber førebels ikkje ei direkte auke i kostnader for Helse Vest RHF. Det er og tilsett 1 årsverk som Innkjøpsansvarleg i Økonomi- og finansavdelinga. Dette er ei stilling som har gått over frå å vere ein prosjektkostnad i Prosjekt LIBRA, til no å vere ei fast stilling.

Nye årsverk i 2023 inneberer ein auke i kostnader på 3,1 mill. kroner, medan heilårseffekten for 2024 vil innebere ytterlegare 0,9 mill. kroner.

Tabellen under viser ei oversikt over budsjetterte årsverk i dei regionale helseføretaka:

Årsverk i dei regionale helseføretaka	Budsjetterte årsverk 2023
Helse Nord RHF	81,5
Helse Midt RHF	87
Helse Sør-Øst RHF	175
Helse Vest RHF	81,5

*eksl. LRS

Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak prisjustert og vidareført frå budsjett 2022 nivå.

Regionale fellesløysingar

I budsjettet blir det tatt høgde for at ei rekke regionale fellesløysingar blir dekkja under budsjettet for reservar, fellestenester og finans, medan administrasjonsbudsjettet kjem i tillegg. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehus handtering
- Regional analysefunksjon
- Regional pasientreisekoordinator
- Tenester frå Sykehusinnkjøp HF
- Oppdragsavtale for H-resept HELFO

Regionale fellesprosjekt, regionale faglege nettverk og regionale innovasjonsmidlar

Det er i tillegg til administrasjonsbudsjettet budsjettert med 86,8 mill. kroner til regionale Fellesprosjekt og regionale innovasjonsmidlar. Samanlikna med 2022, er regionale nettverk tatt ut av prosjektlista og flytta til budsjett for kjøp av helsetenester.

Pandemien og krigen i Ukraina har ført til auka fokus på tilgang til materiell og beredskap. Det er stor usikkerheit knytt til kor mykje dette vil koste i 2023, og beløpa som blei lagt i prosjektlista i 2022 vidareførast. Administrasjonen vil halde fram arbeidet med å sikre ei forsvarleg og god organisering av både beredskap og forsyningsberedskap vidare inn i 2023.

Internrevisjonen

I instruks for revisjonsutvalet heiter det under punkt "5. Rapportering til styret" at: "Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram Budsjett og plan for internrevisjon, til behandling".

Revisjonsutvalet vil behandle sitt budsjett i møtet den 14.02.2023 og det blir lagt fram forslag til følgjande vedtak: «Revisjonsutvalet sluttar seg til forslaget til budsjett, og til at dette blir å behandle vidare i samla sak om budsjettet for RHF-et. Revisjonsutvalet ber om at styret i saka blir gjort merksam på utvalet si innstilling.»

Vedlegg

1. Budsjett for administrasjonen 2023 samanlikna med 2022
2. Budsjett for internrevisjonen 2023 samanlikna med 2022
3. Årsverk for Helse Vest RHF 2023 samanlikna med 2022

Vedlegg 1 - Budsjett for administrasjonen 2023 samanlikna med 2022

Konto-gruppe	Kontogruppenavn	BUD 2023	BUD 2022
3	Salgs- og driftsinntekter	181 017	169 646
30	Salgsinntekt, avgiftspliktig	3 705	3 590
31	Salgsinntekt, avgiftsfri	4 086	3 958
33	Pasient-/behandlingsrelaterte tilskudd/ refusjoner	173 226	162 098
5	Lønnskostnad	-120 473	-116 144
50	Lønn til ansatte	-87 248	-82 914
53	Annen oppgavepliktig godtgjørelse	-1 846	-1 847
54	Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-26 997	-26 636
56	Kompetanse og rekruttering	-1 604	-2 876
59	Annen personalkostnad	-2 109	-1 871
6	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	-48 845	-42 549
60	Av- og nedskrivning	-65	-1 307
63	Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-19 178	-13 767
64	Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	-541	-357
65	Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal balanseføres	-1 089	-706
66	Reparasjon, vedlikehold og service	0	-51
67	Eksterne tjenester	-20 311	-22 050
68	Kontorkostnad, trykksak o.l.	-6 669	-3 258
69	Telefon, porto o.l.	-991	-1 053
7	Annen driftskostnad av-og nedskrivning , forsettlig	-11 699	-10 955
71	Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-8 180	-8 175
73	Salgs- og reklamekostnad	-23	-332
74	Kontingent og gaver	-796	-333
75	Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-2 201	-1 242
76	Lisens -og patentkostnad	-350	-549
79	Diverse	-151	-324

Vedlegg 2 - Budsjett for internrevisjonen 2023 samanlikna med 2022

Budsjett internrevisjonen 2023 vs 2022		
Kontogruppe	2023	2022
Lønnskostnad	4 421	4 596
Lønn	3 269	3 480
Arbeidsgiveravgift og pensjon	930	1 116
Kompetanse og rekruttering	215	
Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	2 724	3 640
Konsulenttjenester	2 701	3 608
Møtekostnader	24	32
Annen driftskostnad av- og nedskrivning, forts.	466	224
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	466	224
<i>Resultat</i>	<i>7 612</i>	<i>8 460</i>

Vedlegg 3 - Årsverk for Helse Vest RHF 2023 samanlikna med 2022

Avdeling	Vedtatte årsverk 2022	Interne overføringer	Endringer årsverk	Sum årsverk 2023
Kommunikasjonsavdeling	5		1	6
Fagavdeling	16		1,5	17,5
Administrasjon	9			9
Økonomi- og finans	1			1
Finans	4			4
Inntekt	4			4
Økonomistyring	4			4
Regnskap	4			4
Innkjøp, forsyning og logostikk	8			8
SUM Økonomi- og finansavdeling	25	0	0	25
Medarbeider, organisasjon og teknologiavdeling	11			11
Eigaravdeling	8		0	8
Administrerende direktør/	1			1
Senior rådgiver til disp for styret	1		-1	0
Internrevisor	3		0	3
Avdeling for e-helse			1	1
Sum stillingsramme Administrasjon	79	0	2,5	81,5
Lønns- og regnskapssenteret	10			10
Sum stillingsramme Helse Vest RHF	89	0	2,5	91,5